



DEN NORSKE KYRKJA
I ULLENSVANG

MØTEBOK FOR JONDAL SOKNERÅD

Møtedato: 27.05.2020	
Frå sak nr. 14/20 Til sak nr. 22/20	Møtestad: Jondal kyrkje, kyrkjerommet
Underskrifter: Protokollen vert underskriven av leiar og lagt fram for godkjenning i neste møte.	
Leiar Cecilie Stærnes	Nestleiar Anne Røymstad
Sekretær Karin Anne Utheim Gangdal	Kasserar Ingebjørg Grøtt(meldt forfall)
Medlem Åse Marit Jørgensen	Medlem Tørres Mæland(meldt forfall)
Geistleg representant Stein Ove Skadal	Vara: Marit Hesvik, innkalla som 1.vara
Kantor Anne Karin Stormyr	Vara: Kristine Utheim Gangdal
Forfall til møtet: Ingebjørg Grøtt, Tørres Mæland	

Utskrift sendt til: Medlemar, 1. varamedlem og kyrkjekontoret i Kinsarvik.
Kyrkjekontoret sender referat vidare til: Kyrkjeverja, tilsette i soknet og prosten i Hardanger og Voss prosti.

Nedanfor føl sakene som har vore til handsaming i møtet.

Meldingar:

1. Økonomi ved Cecilie

Vi veit ikkje meir om korleis det blir med økonomien til Jondal sokneråd. Saka ligg hos forrige soknerådsleiar Marianne Eide, Angunn Trå og Gerd Bu som er assisterande kyrkjeverje.

Saker:

14/20 Godkjenning av innkalling og sakliste

15/20 Godkjenning av protokoll frå møte den 12.02.20

16/20 Smittevernplan: Gjenopning av kyrkja – korleis skal soknerådet bidra

17/20 Kyrkjevertlista – redigerast(korona/ ferieplanar/ andre arrangement)

18/20 Takkofferliste

19/20 Plan for soknerådsmøter sommaren 2020

**20/20 Situasjonen i Jondal – ved kontor Anne Karin, kan soknerådet bidra?
Ca.kl.17.30**

21/20 Facebookside – ved kontor Anne Karin

22/20 Eventuelt

Sak 14/20 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak:

Innkalling og sakliste til møte 27.05.20 vart samrøystes godkjent

Sak 15/20 Godkjenning av protokoll

Vedtak:

Protokoll frå møtet den 12.02.20 vart samrøystes godkjent.

Sak 16/20 Smittevernplan

Kort utgreiing om saka.

Kyrkjene opnar igjen 31.05.2020. Det er utarbeid ein smittevernplan i samband med at dette skal skje. Cecilie orienterer om smitteverntiltak og nye rutinar.

Oppgåver til kyrkjevertar. Det vert ma. max 50 personar til gudsteneste + tilsette. Det skal lagast liste med namn på alle som er til gudsteneste. Den skal oppbevarast i 10 dagar og så makulerast. Det skal ikkje vere kyrkjekaffi.

Vedtak:

Smittevernplanen vart samrøystes vedtatt

Sak 17/20 Kyrkjevertlista

Kort utgreiing om saka.

Kyrkjeverten vert viktig ved gjenopning av kyrkja. Vurdere behovet for 1 eller 2 kyrkjevertar. Anne har laga eit forslag til kyrkjevertar til gudsteneste og salmekveldar tom.30 august. Det kan verte behov for endring pga ferieplaner ol. Det vart ikkje tid til å gå igjennom kyrkjevertlista. Sak på neste møte

31/5	Gudsteneste	Åse Marit og Marit
9/6	Salmekveld	Anne
21/6	Folkemusikkmesse	Tørres
5/7	Gudsteneste	Anna
7/7	Salmekveld	Karin
26/7	Gudsteneste	Marit
16/8	Gudsteneste	Ingebjørg
30/8	Gudsteneste	Asta

Lunsjkonserter i tidsrommet 16/6-11/8 .

Stad: Kyrkja på tirsdager kl.11.30.

Vi må ha kyrkjevertar på alle kyrkjelege arrangement inntil det kjem nye retningslinjer frå helsedirektoratet.

Under følger en liste over datoer:

16/6
23/6
30/6
7/7
14/7
21/7
28/7
4/8
11/8

Forslag om at vi kan bruke tidligere rådsmedlemmer, andre fra menigheten eller de som har lyst og anledning av oss. Anne finn personar som har høve å vere kyrkjevert på lunsjkonserterane til neste møte.

Vedtak:

Framlegg til kyrkjevertliste til gudstenester og salmekveldar, sak på neste møte
Liste over kyrkjevertar på lunsjkonserterane klar til neste soknerådsmøte

Sak 18/20 Takkofferlista

Kort utgreiing om saka:

Det vart på møte 12.02.20 vedtatt takkofferliste tom 30.08.20
Takkofferliste for resten av 2020 blir sak på neste soknerådsmøte

Vedtak:

Takkofferliste for resten av 2020 blir sak på neste soknerådsmøte

Sak 19/20 Plan for soknerådsmøter haust 2020
--

Kort utgreiing om saka:

Det vart ikkje tid til sak 19/20. Sak til neste soknerådsmøte.

Vedtak:

Plan for soknerådsmøter haust 2020 sak på neste soknerådsmøte

Sak 20/20 Situasjonen i Jondal

Kort utgreiing om saka.

Kantor Anne Karin Stormyr har bedt om å få orientera soknerådet om status for lokalstaben og forklara kort om situasjonen. Kan soknerådet bidra i denne saka, evt. korleis? Anne Karin orienterer om status i prosessen i personalsaka som gjeld ein tilsett i Jondal. Ho fortel korleis samarbeidet i lokalstaben fungerer no. Dei er ein liten stab som arbeider godt i lag. Personalsaka slit på tilsette i Jondal.

Møte i Fellesrådet der personalsaka var einaste tema vart flytta til same tid som soknerådsmøte. Av den grunn har Cecilie forfatta ei støtteerklæring. Den er skrevet og sendt på vegne av soknerådet. Cecilie les støtteerklæringa. Jondal sokneråd stiller seg bak støtteerklæringa.

Vedtak:

Jondal Sokneråd godkjenner innhaldet i støtteerklæringa og måten det vart gjort på.

Kort utgreiing om saka.

Kantor Anne Karin Stormyr ynskjer at Jondal kyrkje si side på Facebook skal vere soknet si levande side slik det først var tenkt, ikkje ei administrativ side. Saka er diskutert med fungerande kyrkjevevjer Gerd R. Bu. Her er det usemje korleis sida skal verta administrert. Sidan vi har registrert usemje mellom administrasjonsnivå i fellesrådet og lokalt nivå i Jondal sokn om korleis ein administrerer lokal facebookside, har kantor i Jondal teke kontakt med ulike distansar som kanskje kunne gje oppklarande informasjon.

Ein nyleg pensjonert prost minner om at fellesrådene har negativt ansvar, medan sokneråda har positivt ansvar. Dette vil seie at fellesråda har ansvar for dei tinga som er lovpålagt jamfør til dømes gravplass, personell og bygning på vegne av sokna, medan sokneråda har ansvar for resten. "Resten" omfattar også informasjonskanalar om aktivitet i kyrkjelydane.

Kantor har kontakta Slettebakken menighet i Bergen kyrkjelege fellesråd(Bkf) og Midsund i Molde kyrkjelege fellesråd(Mkf). Ho fekk følgjande svar:

Fellesråda legg seg ikkje bort i kyrkjelydane sine facebook- og nettsider, dette jamfør at fellesråda har negativt ansvar. Det er kyrkjelydane som styrer kyrkjelydane sine sider, og då oftast den lokale staben. Bergen kyrkjelege fellesråd og Molde kyrkjelege fellesråd tenkjer heilt motsett av Ullensvang kyrkjelege Fellesråd. I staden for at Kyrkjeleg Fellesråd kontrollerer dei lokale sidene, er desse lokalstyrte og i tillegg gjev Bkf og Mkf tilgang for lokale kyrkjelydar via fellesrådet si facebookside eller facebookgruppe å dele aktuelle fellesarrangement i heile det kyrkjelege fellesområdet.

Framlegg til vedtak:

Jondal sokneråd eig Facebooksida Jondal kyrkje. Staben i Jondal sokn brukar sida som informasjonskanal til kyrkjelyden. Rådsmedlemmer og friviljuge vert også gjevne tilgangsrettar om dette er tenleg.

Vedtak:

Framlegg til vedtak samrøystes godkjent

Kort utgreiing om saka:

I Jondal er det tradisjon for at kyrkja er open for dei som ynskjer å besøke den på dagtid. Det har vore friviljuge som låser opp og låser igjen. Det er ingen som har ansvar for å vere der når den er open. Grunna korona kan ikkje kyrkja vere open utan at det er nokon som er der og har ansvar for smittevern. Det blir vanskeleg å få friviljuge til å ta på seg dette. Derfor er det denne sommaren ikkje mogleg å holde kyrkja open.

Det blir og vanskeleg å arrangere turar med kyrkjebåten slik smittevernreglane er no.

Framlegg til vedtak:

Det blir ingen open kyrkje i Jondal sommaren 2020.

Det blir ikkje arrangert turar med kyrkjebåt sommaren 2020

Vedtak:

Framlegg til vedtak samrøystes godkjent

Underskrift protokoll frå møtet 27.05.20

Dato

Dato.....

Signatur.....

Signatur.....